

**Referat frå møte i samarbeidsutvalet 26.04.2024**

Dok. ref.:		Møtedato/ Tid:	26.09.24 18:00
Stad:	Kolltveit skule	Møtenr.:	3/2024
Referent:	Odd-Erik Kjeldstad, rektor		
Til stades:	Gjertrud Soltun, Tina Krøke, Odd Erik Kjeldstad, Anne Haugro, Anne-Lise, Silje-Marie Guleng Lie, Vilde Indrevik, Fredrik og Abigail.		
Forfall:	Sindre Lie		

SAKSLISTE

Tema	Saker	Oppfølg.
Faste saker		
Saker frå skulen	Rektor informerte nytt samarbeidsutval om praksis for gjennomføring av møte, samt kva intensjon opplæringslova set for utvalet. Leiar i Fau eller nestleiar i Fau er leiar i SU. Rektor er sekretær.	
Skulebruksplanen	Høyringsfrist 30.september. Vilde informerte om at skulen må stille krav til politikarane om kva som trengs av vedlikehald på skulen for god drift framover. Skulen slit med råteskade, sopp, lekkasjar, og liknande som følgje av stort etterslep på utvendig vedlikehald. Det ligg an til ei auke når det gjeld elevtalet ved skulen frå 2025. Rektor meiner det ikkje er medfører helseskade for elevar å gå på Kolltveit skule, men at det er utfordringar med skulebygga utvendig. I skulebruksplanen ligg det inne forslag om å bygge ein ny skule på Bildøy som mellom anna skal erstatte Kolltveit skule frå 2033. Su drøfta om vi skal sende felles høyringsutkast eller om Fau, tilsettegrupper og leiing skal sende kvar for seg. Foreldre og tilsette uttrykka generell skepsis til store skular og fryktar dårlegare miljø og mindre oversikt. Rektor meinte at bygging av ein ny skule på Bildøy er eit godt forslag og vil truleg gi eit løft for Kolltveit skulekrins. Bygningsmassen på skulen er i dårleg forfatning og vi manglar rom for å imøtekome dagens standard for undervisning. I tillegg er det svært dårleg infrastruktur i område ved skulen, noko som mest truleg vil bli vesentleg betre på Bildøy. Det er ein fordel for Kolltveit skule at ny skule er føreslått i Kolltveit sin eksisterande skulekrins. Rektor sjekkar om fristen for innlevering av høyringsutkast vert utsett.	Rektor
Trivselstiltak	Rektor viste skulen sitt trivselshjul for trivselstiltak og dei føreståande arrangement/aktivitetar: Haustlunsj 04.okt. Det er sendt ut informasjon og det er kontroll på ansvarsfordelinga. Kantine: Det vert kantine 15. november. Elevane kan få kjøpe ein bolle, eitt halvt rundstykke og ein sjokomjølkkvar. Fau har ansvar	FAU Skulen/ Fau

<p>Haldningskampanje mot uønska språkbruk på mellomtrinnet</p>	<p>for å kjøpa inn til kantina og elevrådet skal stå for drifta. 6. trinn bakar bollar til sal i kantina.</p> <p>Juleavslutning: 1. og 2.trinn: 12.desember 3.trinn: 9.desember 4.trinn: 10.desember 5.trinn: 11.desember 6.trinn: 16. desember 7.trinn: 18.desember</p> <p>Skuleleiing skal laga ein standard for gjennomføring av julefestane. Korleis ynskjer vi det skal vere..... FAU setter opp juletre med lys 06.desember. 7.trinn pyntar.</p> <p>Rektor informerte om at det er eit generelt problem at fleire elevar har ein svært utfordrande språkbruk. Lærarane på mellomtrinnet jobbar med dette i undervisninga og rektor har sendt ut melding til foreldra om at skulen vil slå ned på den type språkbruk om dette held fram etter kampanjen. Foreldrerepresentantane uttrykka full støtte til skulen når det gjeld dette.</p>	<p>Rektor</p> <p>Rektor/ lærarane</p>
<p>Saker frå FAU</p> <p>Gratisprinsippet</p> <p>Basketkorger/ fotballnett</p> <p>Utebod</p>	<p>Fau ynskjer å lette trykket for dei som har dårleg økonomi og vil setje ein standard for kven som skal få gåve på skuleavslutningar. Fau ynskjer ikkje noko innsamling til dette. Det vart spurt om kva som gjeld i høve til gratisprinsippet, og rektor informerte om at gratisprinsippet gjeld for opplæring i skuletida. Andre aktivitetar og skulemat er ikkje i strid med gratisprinsippet.</p> <p>Er dette kjøpt inn? FAU sjekker opp Det blei avklart kor basketkorga skal hengjast opp.</p> <p>Fau har lova skulen at dei skal få på plass ein utebod til uteleikar. Avtalen som no føreligg er at Fau dekkar kostnadane til boden medan skulen har dekkar kostnader i samband med TL-programmet. Planen er at Fau set opp boden på dugnad no i haust. Dersom det er behov for ny befarings så kan me gjere det.</p>	<p>Fau</p> <p>Fau</p> <p>Fau</p>
<p>Saker frå Elevrådet</p> <p>Større fotballbane</p> <p>Eplejuice</p>	<p>Elevrådet formidla at det var ynskje om å bruke større delar av skuleplassen til fotballbane. Rektor formidla at vi og må ta omsyn til dei som ikkje spelar fotball og at uteområde no er godkjent for slik den er utforma.</p> <p>Elevane ynskjer eplejuice som ein del av utvalet i skulemjølkordninga. Rektor formidla at dersom det skal bli aktuelt, må det endrast i samband med nytt skuleår og erstatte noko anna. Det kan ikkje vere for mange alternativ fordi lærarane må halde oversikt. Saka blir teke opp på nytt til våren.</p>	<p>Skuleleiing</p>

<p>Lue, hette og caps</p> <p>Utstyr til friminutta.</p>	<p>Elevane ynskjer å gå med Caps, hette og lue i klasserommet. Dei ynskjer å kunna tygge tyggis. Rektor formidla at det ikkje er aktuelt fordi det ikkje er i tråd med ordensreglementet.</p> <p>Elevane kom med fleire ynskje når det gjeld utstyr til bruk i friminutta. Dei manglar ballar, rackart til bordtennis etc. Fau skal sjå om det er mogeleg å kjøpa inn meir utstyr. Rektor formidla at det er viktig at elevane sjølve tek vare på utstyret-</p>	<p>Fau</p>
<p>Saker frå SFO</p> <p>.</p>	<p>SFO la fram sak om å auke matpengane frå kr.100,- til kr. 120. Forslaget blei vedteke.</p> <p>Anne Lise informerer situasjonen på SFO. Det går fint og det meste er positivt.</p>	<p>SFO-leiar</p>